



<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>17</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

## ”Ein som vert mobba, er ein for mykje.”

### INNHALD

1. Innleiing med definisjon, lovverk og hovudmål.
2. Strategiar for å førebyggja mobbing.
3. Strategiar for å oppdaga mobbing.
4. Strategiar for å stansa mobbing.
5. Vedlikehaldsplan.

### 1. INNLEIING



Våren 2003 vart Hognestad skule deltakar i Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtfærd. Programmet skal førebyggja og redusera eksisterande mobbeprobler både i og utanfor skulemiljøet. Ein stor del av programmet går ut på å skulera, bevisstgjera og auka kunnskapen i personalgruppa.

Hovudprinsipp til grunn for tiltaksprogrammet er å få til ”ei omstrukturering av det eksisterande sosiale miljø” for å skape eit klima som kan kjenneteiknast av:

- Varme og engasjement frå vaksne.
- Faste grenser mot uakseptabel åtfærd.
- Konsekvent bruk av ikkje-fysiske, ikkje fiendtlege sanksjonar ved brot på reglar.
- Tydelege vaksne både i heim og skule.

Tiltaka skal iverksetjast på skule/system-, klasse- og individnivå.

Olweus-programmet vert i stor grad styrande for tiltaka som til ei kvar tid vert igangsette på Hognestad skule. Skulen er sertifisert som Olweus-skule i 2009.

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>18</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

### LOVERK

- Opplæringslova § 9a-3.
- Skulen har plikt til å undersøkje og informera ved mistanke eller melding om mobbing.
- Personalet har handleplikt.
- Regelen om klagerett som ved einskildvedtak.
- Klagen går til skulen/kommunen, deretter til Fylkesmannen.

### KVA ER MOBBING?

”Ein elev er mobba eller plaga når han eller ho gjentekne gonger og over ei viss tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar, og den som vert mobba har vanskar med å forsvare seg.” (D. Olweus)

Vi seier at ein elev vert mobba når ein eller fleire andre elevar:



- Seier vonde og ubehagelege ting til han eller ho, gjer narr av han/ho eller bruker stygge og sårande kallenamn.
- Overser han/ho fullstendig eller stengjer han/ho ute frå veneflokken.
- Slår, sparkar, luggar, skubbar eller stengjer han/ho inne.
- Fortel løgner eller spreier falske rykte om han/henne eller sender ubehagelege lappar og prøver å få dei andre elevane til å mislika han/ho.

Ved mobbing skjer dette gjentekne gonger og det er vanskeleg for den som vert plaga å forsvare seg. Om ein elev vert erta gjentekne gonger på ein ubehageleg og sårande måte, er dette også mobbing.

Det er ikkje mobbing når nokon vert erta på ein snill og venskapeleg måte. Det er heller ikkje mobbing når to om lag like sterke elevar sloss eller kranglar. (D. Olweus)

### HOVUDMÅL MED TILTAKSPLANEN:

- Redusera eksisterande mobbeprobem både i og utanfor skulemiljøet.
- Førebyggja, oppdaga og stansa mobbing.
- Ha nulltoleranse i høve tilmobbing og antisosial åtferd.
- Planen skal vera eit konkret og nyttig reiskap i arbeidet mot mobbing og antisosial åtferd.

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>19</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

### Om nulltoleranse mot mobbing:

*"Dette arbeidet handlar om å byggja opp ein permanent og god beredskap på alle skular, som skal sikra at det vert reagert raskt og kontant kvar einaste gong ein ser tilløp til mobbing. For meg er det dette som ligg i omgrepet nulltoleranse."*

Helga Hjetland, leiar i Utdanningsforbundet.

## 2. STRATEGIAR FOR Å FØREBYGGJA MOBBING



**Målsetting:** Kvalifisera vaksne og elevar og skapa haldningar mot mobbing blant foreldre, elevar og tilsette.

### 1. Førebyggjande arbeid i høve til lærarane/tilsette.

- Regelmessige samtalegrupper
- Litteratur og film
- Loggbøker/samtalar
- Observasjon
- Informasjon og kurs til nye tilsette. Olweuskoordinator har ansvar for oppfølging.
- Perm og bok til nye tilsette.

### 2. Førebyggjande arbeid i høve til føresette.

- Foredrag/informasjon på foreldremøter. Grundig innføring på 1. og 4. trinn.
- Visa film på foreldremøte på 4. trinn med samtale/diskusjon i samband med filmen.
- Leggja fram resultat frå spørjeundersøking blant elvane.
- Gje føresette høve til å seia noko som kva dei meiner kan/bør gjerast.
- Gje råd til føresette om kva dei kan gjera for eigne barn:
  - Snakka med barna om mobbing og skapa haldningar mot.
  - Byggja opp eit positivt sjølvbilete hjå barna.
  - Følgja med i kva barna gjer i fritida og kva miljø dei ferdast i.
  - Vera vaksne/trygge føresette som set grenser utan å bruke valdelege oppsedingsmetodar.
  - Vera bevisste på at dei er rollemodellar for barna sine.
  - Bry seg om andre barn, særleg dei som har det vanskeleg.

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>20</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011



### 3. Førebyggjande arbeid i høve til elevane.

Skapa haldningar og gje kunnskap om mobbing ved:

- Film
- Litteratur
- Rollespel
- Samtale/diskusjon
- Olweusmøter
- Få resultatane frå årleg spørjeundersøking på skulen/trinnet.
- Skulereglar

### 4. Konkrete tiltak på skulen kan vera:

- "Nulltoleranse" regelen for banning og krenkjande ordbruk. Elevane får melding med seg heim til underskrift viss ein vaksen overhøyrer banning eller krenkjande ordbruk. Viss ein elev får 5 meldingar, tek kontaktlærar kontakt med føresette på telefon. Ved ytterlegare 3 lappar, vert føresette og elev kalla inn til møte.
- Leggja om rutinar. Her må ein laga ein plan i kvart tilfelle. Det kan vera anna type friminutt, annan sitjeplass, observasjon m.m.
- Betre tilsyn i friminutt og i ustrukturerte situasjonar.
- Friminutt til ulik tid, "time-out" i deler av eller heile friminutt.
- Følgja eleven til/frå skulen. Her må det avklarast kven som skal gjera kva.
- Oppfølging i friminutt.
- Styra innhaldet i deler av friminutt. Setja i gang, tipsa elevane om innhald.
- Endra på plassering av elevane i klasserommet, samansetjing av grupper.
- Orientera tilsette om situasjonen slik at alle kan følgja med ute og inne.

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>21</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

### 3. STRATEGIAR FOR Å OPPDAGA MOBBING.

**Målsetting:** Ha strategiar slik at vi kan oppdaga mobbing så tidleg som mogleg.

**Dette gjer vi:**

#### 1. Elevsamtalar

- Skal gjennomførast minst to gonger årleg og ved mistanke om mobbing.
- Spør konkrete spørsmål kring mobbing på skulen.

#### 2. Olweusmøter.

- Alle klassar skal ha Olweusmøter kring mobbing og klasse miljø minst ein gong kvar 14. dag. Ha positiv vinkling. Kvifor har me det gildt her?

#### 3. Loggbok

- Om lag 4 gonger årleg skal elevane i 4. – 7. trinn skriva loggbok. 1. – 3. trinn kan bruka symbol, teikningar, eller munnlege samtalskjema. Prøv å finna ulike tema som går på trivsel og miljø.

#### 4. Sikker observasjon.

- Skriv notater ved observasjon av mobbing. Dokumentasjon.
- Desse skal arkiverast i klasseperm. Handsamast konfidensielt. Gule lappar skal arkiverast til ein har hatt trekantsamtalar. Dokumentasjon vidare i referat frå trekantsamtalane.

#### 5. Vaktssystem.

- Alle vakter skal melda frå til ansvarleg lærar viss ein har mistanke om mobbing. Bruk gule lappar i vaktvesten. Personalet må minnst på kor viktig dette er.

#### 6. Elevane må ha kjennskap til teikn på mobbing.



- Elevane skal ha trening i å oppdaga mobbing.
- Klasse møte
- Mobbering
- Video
- Drama

#### 7. Tilsette må kjenna til teikn på mobbing.

- Alle tilsette skal kjenna innhaldet i Olweus-programmet.

#### 8. Bevisstgjerjing av foreldre.

- Olweusprogrammet/mobbing skal vera tema på foreldremøte. Ein fortel kva ein gjer i antimobbearbeidet.

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>22</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

- Foreldre må kjenna til teikn på mobbing.
- Få foreldra til å diskutera si rolle som foreldre, bruka case eller anonyme situasjonar frå klassen eller andre klassar.

#### 4. STRATEGIAR FOR Å STANSA MOBBING.

**Målsetting:** Alle tilsette skal gripa raskt og riktig inn.

##### 1. Kva tid skal me gripa inn:

Einkvar situasjon med uakseptabel åtferd, men særleg:

- Der nokon synest å ha det vondt.
- Der det er brot på skulen sine reglar.
- Der elevar synes å vera brydd over at vaksne plutseleg dukkar opp.
- Der elevar ber vaksne om hjelp.
- der du sjølv har ei magekjensle på at noko "ugreit" skjer.

##### Gripa in "heller for ofte enn for sjeldan":

Fordi det sender viktige signal:

- Om at vaksne ser og følgjer med.
- Om at vaksne bryr seg.
- Om at vaksne har mot og styrkje til å gripa inn.

Du kan ta retrett utan å tapa noko:

- Gje beskjed om at det evt. ikkje var noko.
- Vaksne som innrømmer feil er meir truverdige.



##### Vurdera der og då:

Observer lenge nok til at du:

- Ser kven som er den/dei sterke.
- Ser kven som er skadelidande.
- Ser om det er leikeslossing eller alvor.

##### Raskt nok til at:

- Den det går utover ikkje lid unødig.
- Ingen får kjensle av at du er likegyldig.
- Overgripar ikkje får planlagt retrett.

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>23</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

## 2. Korleis grip ein inn?

- Går tett på.
- Grip inn bestemt, vera åtferdsspesifikk.
- Ikkje still spørsmål, krev at åtferda skal stansa nå.
- Informer om følgjene av ikkje å slutta med åtferda.
- Oppfølginga må vera gjennomførbar.
- Informer om vidare samtalar/oppfølging der og då.

## 3. Kva gjer ein vidare? Snakk med:

- Mobbeofferet.
- Mobbaren/mobbarane.
- Eventuelt vitner.
- Bruke logg.
- Foreldre: Samtale med dei ytterlegare viss nødvendig.

### "Den konfronterande samtalen".



- **Når?** Så snart ein har høve til det. Helst med ein gong dersom det er mogleg. (Rektor, kontordame eller den som har ledig tid tek klassen.)
  - **Kvar?** Eit skjerma rom. Samtalane må føregå kvar for seg. Dersom det er fleire, må dei ikkje få høve til å snakka seg imellom og bli einige om kva dei skal seia.
  - **Kven?** Kontaktlærer og den vaksne som var i situasjonen (helst). **Rektor og Olweuskoordinator ved behov.**
- Den som mobbar, eller dei som mobbar ein og ein.

### Innhald i samtalen:

- Set rammene.
- Legg fram dokumentasjon/indisier.
- Presenter krav om stans av åtferd.
- Presenter konsekvensar dersom ein ikkje sluttar.
- Fortel kva skulen gjer vidare.
- Sjekk at eleven har forstått.
- Avtal nye samtalar.

### Form på samtalen:

- Skjerma rom.
- Alle sit ned.
- Dei vaksne viser alvor.

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>24</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

- Ikkje still spørsmål til eleven i første fase. Dei vaksne definerer og fortel.
- Ikkje tome truslar.
- Ikkje diskusjon om offeret sitt evt. bidrag til situasjonen.

### **Danna seg eit så klart bilete som mogleg av:**

- Kvar mobbing har skjedd.
- Kor ofte mobbinga har skjedd.
- Når
- Korleis
- Kven som er den/dei mest aktive.
- Kvifor (Har mobbinga noko med konkrete situasjonar å gjera, noko med mobbeoffer/mobbar som individ å gjera, noko med gruppeprosessar?)

### **4. Tiltak kring mobbeoffer:**

- Forsikra om vern.
- Ha individuelle oppfølgingsamtalar over tid.
- Oppmuntra eleven til å seie frå.
- Oppmuntra eleven til å ta kontakt med andre barn.
- Få opplæring i ulike spel/aktivitetar dersom det kan hjelpa på å verta meir inkludert.

Provoserande mobbeoffer: Her må ein i tillegg arbeida konkret og systematisk med ein plan for den enkelte der ein ser på eins eigen åtferd.

### **5. Tiltak kring mobbar:**

- Ha individuelle oppfølgingsamtalar over tid med klare avtalar om krav og forventningar.
- Ver tydeleg på kva konkrete konsekvensar mobbinga fører til.
- informere alle lærarane, "me ser deg" (du vil bli følgt nøye med)
- konkret når oppfølgingsamtalen vil bli
- ein samtale er ikkje nok.
- heimen må informerast, eleven skal vita det.
- være tydelege på at åtferda er uakseptabel

Avtalane bør gjerast kjende for føresette og dei vaksne i klassen/gruppa. Ein må fortsetja å ha samtalar med dei føresette til mobbar og mobbeoffer, viss nødvendig.

# Tiltaksplan mot mobbing

## 2011-2012

25

REVIDERT DATO:  
28.06.2011



### VEDLIKEHALDSPLAN – ELEVAR-OLWEUSPROSJEKTET

	Ansvar for kontaktlærer:	Ansvar for skulen:
1. trinn	<p>Samtale "på ringen" om mobbing minimum anna kvar veke. Innhald: Jmf sos. handlingsplan. Tema om <b>venskap</b>. Innføra <b>skulereglane</b>. Ha trekantsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. Ha elevsamtalar der sin tek opp mobbing og antisosial åtferd. <b>Fokus på kva som er god åtferd</b>. Mai: Positiv samtale om det å møte ny klasse til hausten. Presentera mobberegane.</p>	<p>Foreldremøte med kort presentasjon av Olweusprosjektet.  Olweuskoordinator informerer.</p>
2. trinn	<p>Olweusmøte anna kvar veke. Innhald: jmf sos. handlingsplan. Repetera <b>skulereglane</b>. Ha trekantsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. Ha elevsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. <b>Fokus på kva som er god åtferd</b>. Ha temadag om <b>venskap</b>. Mai: Positiv samtale om det å møte ny klasse til hausten.</p>	<p>Informere på foreldremøte kva trinnet gjer i antimobbearbeidet.</p>
3. trinn	<p>Olweusmøte anna kvar veke. Innhald: Jmf sos. handlingsplan. Repetera <b>skulereglane</b>. Ha trekantsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. Ha elevsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. <b>Fokus på kva som er god åtferd</b>. Ha temadag om <b>venskap</b>. Mai: Positiv samtale om det å møte ny klasse til hausten. Materiell: Tiger og flekk lydbok</p>	<p>Informere på foreldremøte kva trinnet gjer i antimobbearbeidet.</p>
4. trinn	<p>Olweusmøte anna kvar veke. Innhald: Jmf sos. Handlingsplan. <b>Repetera skulereglane</b>. <b>Innføra mobberingen</b>. Video: Scener frå barns kvardag. Rollespel som metode. Klasseheksa.</p>	<p>Foreldremøte med grundig innføring i Olweusprosjektet. Visa filmen: Dem's parker deg i sjela.</p>

# Tiltaksplan mot mobbing





## 2011-2012

26

REVIDERT DATO:  
28.06.2011



	<p>Ha trekantsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. Mobbeundersøking på hausten. <b>Temadag om mobbing.</b> Mai: Positiv samtale om det å møte ny klasse til hausten.</p>	
5. trinn	<p>Olweusmøte anna kvar veke. Jmf sos. handlingsplan. Repetera <b>skulereglane</b>. Repetera mobberingen. Video: Ædda Bædda. Rollespel som metode. Klasseheksa. Ha trekantsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. Ha elevsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. <b>Fokus på kva som er god åtferd.</b> Mobbeundersøking på hausten. <b>Ha temadag om mobbing.</b> Mai: Positiv samtale om det å møte ny klasse til hausten. Ung. DO</p>	<p>Informere på foreldremøte kva trinnet gjer i antimobbearbeidet.</p>
6. trinn	<p>Olweusmøte anna kvar veke. Innhald: Jmf sos. handlingsplan. Repetera <b>skulereglane</b>. Repetera mobberingen. Video: Ålgård skule sin video. Rollespel som metode. Klasseheksa. Ha trekantsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. Ha elevsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. <b>Fokus på kva som er god åtferd.</b> Mobbeundersøking på hausten. <b>Ha temadag om mobbing.</b> Mai: Positiv samtale om et å møte ny klasse til hausten.</p>	<p>Informere på foreldremøte kva trinnet gjer i antimobbearbeidet.</p>
7. trinn	<p>Olweus anna kvar veke. Innhald: Jmf sos. handlingsplan. Repetera <b>skulereglane</b>. Repetera mobberingen. Video: Intervjudelar av "Dem sparkar deg i sjela". Rollespel som metode. Ha trekantsamtalar der ein tek opp mobbing og</p>	

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>27</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

	antisosial åtferd. Ha elevsamtalar der ein tek opp mobbing og antisosial åtferd. <b>Fokus på kva som er god åtferd. Overgang til ungdomsskulen. Ta egne val.</b> Mobbeundersøking på hausten. Ha temadag om mobbing	
--	---	--



### **” Å bli god saman med”**

#### **ANSVAR FOR REKTOR/ADMINISTRASJON:**

Kva	Ansvar	Tid
Leggje til rette slik at personalet har gode vilkår for å nå måla som ligg i tiltaksplanen og vedlikehaldsplanen.	Rektor og adm.	Heile året
Sikre at personalet har tid og fora til å drøfte mobbeproblematikk og halde seg fagleg à jour. Leggje til rette for 4 – 5 samtalegrupper i løpet av skuleåret.	Rektor og adm.	Heile året
Arbeid mot mobbing og antisosial åtferd skal alltid vera tema på medarbeidersamtalar.	Rektor og adm.	Jan.-feb.
Arbeid mot mobbing og antisosial åtferd skal og vera tema når rektor har møte med trinna.	Rektor	Heile året
Opprette ei Olweusgruppe/ressursgruppe på 3-4 personar med leiar/koordinator.	Rektor	Haust -10
Personalmøte med Olweusprosjektet som tema. Kva skal vera i fokus dette semesteret?	Rektor og Olweuskontakt	Oppstart haustsem.

#### **FAGLEG VEDLIKEHALD OG OPPDATERING AV PERSONALET**

Kva	Ansvar	Tid
Sikre fagleg vedlikehald og oppdatering av personalet. Planleggje og leie samtalegruppene.	Olweuskontakt	Heile året
Kvalitetssikre vedlikehald og vidare framdrift 1.-7. trinn ved å lage eit gjennomførbart internkontrollsystem i høve klassemøter, registrering av mobbe/konfliktsaker, foreldremøter, samtalegrupper mm.	Olweuskontakt	Heile året

<h1>Tiltaksplan mot mobbing</h1>		
	<h2>2011-2012</h2>	
		<b>28</b> REVIDERT DATO: 28.06.2011

Kurse nye tilsette ved skulen i Olweusprosjektet. Oppfølging av nytilsette med gruppesamlingar	Olweus- koordinator	Oppstart haust
Dele ut vestar og materiell til nytilsette	Olweuskontakt	Oppstart haust
Oppdateringskurs/inspirasjonskurs for tilsette.	Olweuskontakt	Haut
Presentere resultat frå mobbeundersøking til SU, personalet, elevrådet og føresette.	Olweuskontakt	Haut
Administrere og gjennomføre mobbeundersøking 4.-7. trinn.	Olweuskontakt	Nov.
Sikre at SFO personalet har fokus på mobbing og antisosial åtferd på personalmøter. Koordinator er med på einskilde møter.	Olweuskontakt	Heile året
Revidere mobbeplan.	Olweuskontakt	Mai